



Referat etter møte i samarbeidsutvalet og skulemiljøutvalet 13.03.2025

Desse var innkalla:

- Charlotte Hjørnevik og Henriette Nordtveit (lærarar)
- Karoline Olsen og Elisabeth Olsen (andre tilsette)
- Mathias Dale og Olav Mæland (elevvar)
- Elisabeth Telle Sellevåg og Anne Mette Telle Harholt (føresette)
- Renate Toft og Linda Selheim (kommunen)

Desse meldte forfall: Henriette Nordtveit, Olav Mæland, Anne Mette Telle Harholt.

Saksliste

- **Godkjenning av innkalling og saksliste**
Ingen merknader til korkje innkalling eller saksliste.
- **Val av referent**
Linda Selheim blei referent.
- **Konstituering**
Det blei avgjort at SU og SMU skal ha flat struktur og at rektor kallar inn til møter i samarbeid med elevråd og FAU.
- **Elevundersøkinga; resultat og oppfølgingsplan**
Rektor gjekk gjennom og orienterte om resultat og oppfølgingsplan. Alle tilsette har fått ein gjennomgang og planen varar fram til neste plan føreligg. Planen blir justert og evaluert kontinuerleg gjennom skuleåret.
- **Nasjonale prøver; resultat og oppfølgingsplan**
Rektor gjekk gjennom og orienterte om resultat og oppfølgingsplan. Planen er utarbeida i profesjonelt læringsfellesskap med pedagogane, og er gjeldande fram til ny plan føreligg. Planen blir justert og evaluert kontinuerleg gjennom skuleåret.
- **Kvalitetsdialog med skulesjefen**
Elevråd og FAU vil bli invitert til kvalitetsdialog saman med skulesjef og skuleleiing i juni. Kvalitetsdialogen erstattar tidlegare verksemdsplan og er ei dialogbasert orientering om korleis det går med skulen, med brei medverknad.
- **Budsjettforslag 2025 – 28**
Det blir gjort store innstrammingar i kommunen grunna stort underskot. Dette vil også påverke Spildepollen skule i form av nedtrekk i årsverk. Korleis den mykje omtala stillingsstoppen vil bli praktisert, er framleis under avklaring. Lovpålagte oppgåver og forsvarleg drift vil alltid bli prioritert høgt. Ein må også passe på at ein ikkje gjer innstrammingar som vil ramme negativt på lang sikt.



- **Utfordringar med ytterdørene på skulen**

Det har vore utfordrande at døropnar ikkje har fungert. Elevane får ikkje kome seg på toaletta i tde, føresette kjem seg ikkje inn i bygget ved henting og levering, og skulen har stått open utanfor opningstider og i helger. Dette er no reparert, men vi håpar driftsavdeling har gjort seg nokre erfaringar og tiltak for å sikre at dette ikkje skjer igjen.

- **Lese-bu; status kring arbeide med leskur**

FAU arbeider med å på opp leskur langs langsida på skulen, etter oppfordring frå elevrådet. FAU er i gang med å søkje midlar frå ulike fond og foreiningar, og har t.d. vore i dialog med Mållaget. Ein har difor retta søknadene mot Lesebu og forsøker å få spons til Fosse-bua og Aasen-skuret. Ein ser for seg at ein treng ca 300.000 kr for å få realisert prosjektet. I tillegg til søknader, er det også oppretta ein Spleis.

Det kom forslag frå lærarane om at ein ynskjer å sjå på konsekvensar i ordensreglementet. Rektor melder saka til trepartsmøtet og vil også drøfte med lærarane i utviklingstid og i elevråd. Melder så saka vidare i FAU.

Mvh

Linda Selheim

Rektor Spildepollen skule og referent

E-post: linda.selheim@oygarden.kommune.no

Telefon: 90241258